



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FA-L13	20/18

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/21	Formannskapet	PS	09.02.2021

Reguleringsplan for Koppersevja - Vedtak om offentlig ettersyn

Vedlegg:

21-1-21 PLAN JUSTERT-A1-L

21-1-21 PLAN JUSTERT-A1-L

4633202001 reguleringsføresegner12-01-21

4633202001 reguleringsføresegner12-01-21

4633202001 Planomtale Koppersevja pr 12-01-21

4633202001 Planomtale Koppersevja pr 12-01-21

4633202001- Merknadsskjema oppstart pr 10-07-20

4633202001- Merknadsskjema oppstart pr 10-07-20

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Det har lenge vore eit ønske om å betre tilhøva i Koppersevja. I løpet av 2018 fekk ein del av grunneigarane i området sett i gang ein prosess for å gjere tiltak i området. Den 31.01.2019 tok Fedje kommune, ved teknisk sjef, initiativ til å få ein avtale om å laga ein reguleringsplan. Premisset var at det måtte melde seg eit tilstrekkeleg tal avtalepartar. Det meldte seg 11 partar, med Fedje kommune, som er ein av grunneigarane i området. Dei andre var: Otto Uthaug, Hugo Larsen, Per Børge Hillestad, Eivind Hansen, Alfred Husa, Ranveig Nordset, Oddvar Nilsen Husa; Jan Hernar, Hans Georg Sulen, Erling Herøy og Fedje kommune. Seinare har Kjell Samnøy kjøpt gbnr 168/3, og møtte difor som eigar i siste møte 16.12.20. Initiativtakarane er ikkje samtlege av dei aktuelle grunneigarane.

Kunngjering av oppstart av regulering vart gjort 10.1.20. Frist for merknader og uttale var sett til 29.2.20, men etter ønske frå Vestland Fylkeskommune forlenga til 21.3.20. Det kom inn 3 merknader og 6 uttaler til oppstart meldinga. I ettertid har det vore to møte med initiativtakarane/ grunneigarane med gjennomgang av planutkast. I etterkant av møta har det vore dialog med justering og tilpassing av planutkast og reguleringsføresegner. Siste møte vart halde 16.12.20. Justerte forslag til plandokument vart oversendt til Fedje kommune 12.01.21.

Primærformålet med planarbeidet er å få større djupne og djupare innsegling til Koppersevja. Planen skal gjera det mogeleg å utdjupa innløpet og mudre sjølvje. Andre aktuelle moment til planen: fortau langs sjukeheimen på vestsida av fylkesvegen samt veg og fortau i området ved bedehuset, areal for kloakkpumpestasjon, parkering, friområde, naust, hyttenaust, turstier langs strandlinja, gangveg opp til bedehuset med vidare. Ønskje frå dei enkelte initiativtakarane er inarbeidd i planforlsaget.



Fedje kommune

Vurdering

Det har vore til saman to møter med avtalepartane etter kunngjering av oppstart med reguleringsplan for Koppersevja. Alle partar har fått mogelegheit til å kome med sine ønske.

Utkast til reguleringsplan er utarbeidd av ARTEC AS ved Rune Tangen. Planen slik den ligg føre består av dokumenta plankart, reguleringsføresegner, planomtale og merknadsskjema. Dokumentaligg ved saka.

Forslaget til reguleringsplan for Koppersevja er i tråd med Kommuneplan for Fedje kommune 2012-2024.

Folkehelse: Reguleringsplanen inneheld planar for turstiar, grøntområde og leikeplass. Dette vil gjere det lettare å drive friluftsliv i området, noko som gjev betre folkehelse.

Miljø: Mudring av koppersevja vil gje betre nærmiljø, særleg ein del periodevis vond lukt vil forsvinne. Det er og ein miljøgevinst i fastlegge områder med grønnstruktur, herunder areal for friområde og turdrag.

Økonomi: Det er knyttta kostnader til prosjektet for Fedje kommune.

Konklusjon

Etter §12-10 i plan og bygningslova skal forslag til reguleringsplan «legges ut til offentlig ettersyn». Planen vert lagt ut i digital versjon på www.fedje.kommune.no, og det vert lagt ut ein komplett papirversjon på Fedje bibliotek. Alle berørte grunneigarar og institusjonar vil få tilsendt plandokument og vedtak, og få mogelegheit til å utala seg. Frist for å levere merknad vert seks veker etter dato for utlegging.

Forslag til vedtak:

I medhald av delegeringsreglementet for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, og plan og bygningslova § 12-11 (handsaming av private framlegg til reguleringsplan), gjer formannskapet følgjande vedtak:

Reguleringsplan med føresegner for Koppersevja, slik den ligg føre i denne saka, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Formannskapet - 010/21

F - behandling:

F - vedtak:

I medhald av delegeringsreglementet for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, og plan og bygningslova § 12-11 (handsaming av private framlegg til reguleringsplan), gjer formannskapet følgjande vedtak:

Reguleringsplan med føresegner for Koppersevja, slik den ligg føre i denne saka, vert lagt ut til



Fedje kommune

offentleg ettersyn.

Samrøystes vedteke.